

**Fra:** Anngunn Marie Gullbrå <anngunn.gullbra@alver.kommune.no>

**Sendt:** 21.02.2022 15:19:47

**Til:** Inge@arkoconsult.no

**Kopi:** 'arvidrik@yahoo.no' <arvidrik@yahoo.no>

**Emne:** Adressering og tilkomst Alvervegen 10-12 GBNR 137/109

---

Hei

Eg har fått tildelt saka om seksjonering av denne eigedommen i Alver kommune.


Før eg kan foreta seksjoneringa, må eg få avklart nokre tilhøve kring adresseringa.

Det er tildelt adressene Alvervegen 10 og 12 til desse bygga. For meg synes det litt uklart om dette er rett adressert, og eg håpar difor de kan gje meg ei snarleg tilbakemelding på nokre spm, slik at seksjoneringa vert gjort også med rett adressering.

1. Det synes litt uklart kva som er hovudinngangen til Hus 1 og Hus 2. Er det den felles inngangen midt på bygget på nordaustsida som kan definerast som hovudinngang? Eg kan elles ikkje finna at det kan definerast ein hovudinngang for kvar av desse husa ( hus 1 og hus 2 )
2. Kor skal gjestar/ utrykningspersonell som skal finna fram til desse adressene gå for å komma til hovudinngang? Er det passasje på nordsida av bygget mot aust?



3. Adresseringa på denne vegen er gjort etter kantprinsippet. Dvs husnummera er stigande når ein følg venstre vegkant.  
Vil de vera einige med at hus 3 kan få husnummer 10, og Hus 2,3 får husnummer 12? ( byta om desse tildelte husnummera)
4. Er parkeringa til Hus 3 også i garasjekjellar under hus 1 og 2? Er det i så fall berre gangveg ( køyreveg m port) bort til Hus 3?
5. Ved adressering av husnr 3 er det tildelt for mange adresser i dag. Der bueingar har felles trappeoppgang frå terrenng, er det trappeoppgangen som skal ha adresse, ikkje kvar ytre inngangsdør i 2. høgda. Her vil adressene verte endra frå 8 til 6 adresser. (A-F i staden for A-H)



Eg er litt usikker på kven som best kan svara på desse spm. Sender difor både til ansvarleg søkjar og tiltakshaver og ber om snarleg tilbakemelding.

Med helsing

**Anngunn Marie Gullbrå** | Avdelingsingeniør Kart og Oppmåling

Telefon: +47 56 17 11 81

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE